

Uttale frå Møre og Romsdal SV

Vedteke på fylkesårsmøtet 12.02.23

Helseforetaksmodellen må avviklast!

Det er krise i helsesektoren, ikkje minst på sjukehusa. Mange slit med sprengd kapasitet, raude tal, manglande beredskap og høgt sjukefråver. Det vert kutta i tenester som psykiatri og fødetilbod. Skal det byggast nytt, går det ut over drifta. I denne situasjonen er det helseministeren vår kjem med den nedslåande bodskapen: de må kutte meir!

Også i vårt fylke kjenner vi dette på kroppen. Fødeavdelinga i Kristiansund er lagt ned. På Sunnmøre har styret vedteke å legge ned det unike fagmiljøet ved Mork rehabiliteringssenter, og flytte eit redusert tilbod til Ålesund. Eit anna framlegg som har vore lufta er sommarstenging av fødeavdelinga ved Volda sjukehus. I Ålesund slit ein med gamle dårlege lokale.

Det er ikkje vanskeleg å forstå at dette vekkjer eit stort folkeleg engasjement. Det som **er** vanskeleg å forstå, er at eit land som håvar inn olje- og gassinntekter i milliardklassen ikkje har råd til å tilby folk grunnleggande helsetenester!

Svaret til Møre og Romsdal SV er at vi må kutte heile helseforetaksmodellen! Så lenge sjukehusa er organiserte og styrte etter marknadsprinsipp, vil kravet om økonomisk effektivitet trumfe alt. Vi vil avvikle foretaksmodellen og erstatte den med ein forvaltningsmodell, med politisk styring. Endringa må sikre lokal og praksisnær leiing, aktiv involvering og medbestemming frå dei tilsette.

Vi vil også styrke sjukehusøkonomien, for å redusere ventetidene og betre beredskap og kvalitet. Vi vil styrke rammefinansieringa, der faglege behov og vurderingar av nødvendig beredskap avgjer tildelingar, ikkje dagens kunstige marknadstankegang. Nye store investeringar må finansierast direkte over statsbudsjettet, og i staden for innleige frå vikarbyrå vil vi at dei tilsette skal få heile, faste stillingar.

Møre og Romsdal SV